



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavingdelinga

Saksbehandlar: Bjarne Nes, tlf.: 57 65 51 49

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2009/4319

Informasjon om verksemda

Namn: Henrik Rosenlid	Dato for inspeksjonen: 14.10.2009
Adresse: 6795 Blaksæter	Telefon: 414 55 485
Besøksadresse:	Organisasjonsnr.: 987 337 257
Kommune/kommunenr.: 1449 / Stryn	Bransjenr. (NACE-kode): 46.770

Tilstades under kontrollen

Frå verksemda: Henrik Rosenlid	Frå Fylkesmannen: Bjarne Nes
--------------------------------	---------------------------------

Hovudtema for kontrollen

- Tal kjøretøy motteke, miljøsanerte og på lager
- Miljøsanering av kasserte kjøretøy
- Handtering av avfall/farleg avfall
- Internkontroll

Resultat frå kontrollen

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart konstatert, og merknader som vart gjevne ved kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er vist på side 2.

Fylkesmannen avdekka 2 avvik og gav 2 merknader.

Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding der de gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Vi ber òg om at de kommenterer dei tilhøva som er omtalt som merknad.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 01.03.2010.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og den skal sendast Fylkesmannen.

Stad: Leikanger

Dato: 30.10.2009

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Bjarne Nes
senioringeniør

Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved mottak for kasserte kjøretøy på Rosenlid i Stryn kommune.

Kontrollen er ein del av den kontrollaktiviteten som Fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt i høve delegert industri / bransjar for 2009.

Kort omtale av verksemda

Henrik Rosenlid søkte om og fekk løyve etter ureiningslova til mottak av kasserte kjøretøy i november 2005, og mottaket vart etablert det same året. Aktiviteten er demontering av bildeler for sal, og miljøsanering av kjøretøya. Det skjer òg ei viss grad av pressing (komprimering) av vraka før vidaresending. Ordinær pressing med mobil bilpresse skjer ikkje lenger ved mottaket.

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Ureiningslova
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Utsleppsløyve datert 28.11.2005.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)”

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrolllova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

Merknader: Eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å påpeike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Resultat av kontrollen

Avvik

Avvik 1: Verksemda har ikkje utarbeidd og teke i bruk ein internkontroll for ytre miljø

Avvik frå: "Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)", § 4, jf. § 5.

Kommentar: Fram til august i år har verksemda vore eit ein-person føretak. Etter at det no er tilsett ein person til, gjeld kravet til innføring av internkontroll i samsvar med §§ 4 og 5 i internkontrollforskrifta. Det vart opplyst at arbeid med internkontrollen er i gang.

Ein internkontroll skal sikre at verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krav i lov, forskrift og løyve, og for stadige å oppnå forbetringar innafor HMS-området. For ytre miljø gjeld dette m.a. avfallshandtering, tiltak mot ureining av grunn, vatn og luft, og støy til omgivnadene. Internkontrollen skal tilpassast verksemda sin aktivitet og risikotilhøve, og den skal dokumenterast skriftleg så langt det er nødvendig for å oppfylle krava i § 5, 2. ledd (punkt 4-8), og så langt det er nødvendig og formålstenleg for verksemda si drift.

Fylkesmannen føreset at internkontrollen med nødvendig dokumentasjon er på plass innan 1. mars 2010.

Avvik 2: Mottaksplassen er ikkje tilstrekkeleg sikra mot avrenning til elv/bekk.

Avvik frå: Ureiningslova § 7 og utsleppsløyve datert 28.11.2005 punkt 1.2.

Kommentar: Det manglar framleis tett dekke på eit mindre område mellom bekken og plassen der vraka er lagra. På plassen skjer det òg pressing/komprimering av vraka. Det er risiko for at ev. avrenning av olje eller andre væsker kan hamne i bekken. Dette området må difor få fast dekke så snart som råd, og det må sikrast mot direkte avrenning til bekken.

Merknader

Merknad 1: Talet på mottekne kjøretøy har enkelte år vore større enn ramma i løyvet.

Kommentar: Verksemda har løyve til å ta i mot og handtere inntil 300 vrak pr. år. Det er lov til å lagre inntil 120 vrak samtidig på mottaket.

På kontrolldagen var det lagra 40-45 kjøretøy, og det vart opplyst at verksemda til no i 2009 har motteke ca. 270 kjøretøy. Det går fram av tidlegare årsrapportar at talet på mottekne kasserte kjøretøy enkelte år har vore større enn det ramma i løyvet tillet. Verksemda vurderer no å søkje om ei utvida årsramme. Dette også av di kapasiteten til å handtere vraka har auka etter at ein person til er tilsett. Mottaket har eit avgrensa areal, slik at talet på samtidig lagra vrak truleg ikkje kan aukast.

Merknad 2: Lagringa av spillolje og andre avtappa væsker kan betrast.

Kommentar: Spillolje, bremsevæske/spylevæske etc. er lagra på 1000-liters dunkar eller fat. Desse er plassert på støyppt flate utandørs. Ved ev. lekkasje vil det kunne skje avrenning til terrenget nedanfor. Det vart opplyst at verksemda planlegg å byggje oppsamlingsbasseng rundt/under dunkane for å fange opp ev. lekkasje. Det vil òg då bli bygt tak over arealet.

Andre forhold

Verksemda har investert i nytt utstyr, m.a. ein ny dreneringsstasjon for avtapping av olje, drivstoff, bremsevæske etc. Dette gjev ein betre arbeidssituasjon og sikrere kontroll med desse væskene.

Verksemda har ikkje utstyr for avtapping av kuldemedium i klimaanlegg.